



Sigmund Skjoldal ønskjer å setja opp ein isocamp på Øyro Marina og Camping.

**To har søkt om oppsettjing av tretelt på Rabben Camping og ein om oppsettjing av isocamp på Øyro Marina og Camping, men alle tre må smørja seg med tålmodigheit. Emil Gunnar Vatna på Stord og Svein Ragnar Myklebust i Stavanger har søkt om tretelt på Rabben og Sigmund Skjoldal i Tønsberg om isocamp på Øyro.**

Verksemdsleiar Tormod Fossheim har sendt likelydande brev til alle der han viser til at forvaltningskomiteen har vedteke midlertidig byggjestopp for området inntil det ligg føre ny reguleringsplan. Planen er nyleg lagt ut til offentleg ettersyn, og kommunen vil ikkje kunna godkjenne nye tiltak før den er godkjend.

Reguleringsføresegnene til planen er utslagsgjevande for dei tretelt som seinare vert godkjende. Fossheim legg ved eit eksemplar av dei føresegnene som no er ute til offentleg ettersyn og ber søkjarane om å kvalitetssikra det omsøkte treteltet/isocampen i høve til desse føresegnene.

Det heiter her at områda for campingplass skal ha bestemmelsar i samsvar med dei som vart vedtekne av forvaltningsstyret i 1998 og som er gjort gjeldande for Rabben Camping. Fortelt av tre (tretelt) kan byggjast av seksjonar som kan setjast opp og takast ned på under to timar og skal berre innehalda eitt rom.

Storleiken på treteltet skal ikkje overstiga 12 kvadratmeter og breidda ikkje over 2,5 meter (ut frå campingvogna). Største lengde 4,8 meter for store vogner, men for små vogner maksimum leng på vogna. Treteltet kan vera maksimum 10 centimeter høgare enn vogna. Arealet som kvar eining disponerer (vogn/tretelt/terrasse) må ikkje overstiga 37,5 kvadratmeter.

Så langt føresegnene som altså vart vedteke for 10 år sidan og som skal gjelda framleis.

Av Ola Matti Mathisen